



Radøy musikkråd v/Steinar Brevik

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/492 - 17/6583

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

18.05.2017

Driftsmidlar til lag og organisasjonar 2017 - oversending av søknader til musikkrådet

I tråd med retningsliner for tildeling av kulturmiddlar i Radøy kommune, sender me over alle søknader om driftsmidlar og innstillinga frå administrasjonen på fordeling av middlar. **Me ber om uttale frå musikkrådet innan 10. juni.**

Det er i budsjettet for Radøy kommune 2017 sett av 360 000 kroner i driftsmidlar til lag og organisasjonar. Av denne summen skal song og musikk ha 35 %, eller kr 126 000,-.

Dei nye retningslinene seier «*Kommunale kulturmiddlar kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune. Regionale organisasjonar og fylkesorganisasjonar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerkte verksemd i Radøy kommune, og det ikkje finst lag i kommunen som ivaretar denne aktiviteten. Det er då ein føresetnad at organisasjonen har medlemer som er busette i Radøy kommune.*»

Dei nye retningslinene seier at born og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og tiltak som fremjer integrering skal prioriterast. I tillegg vil tal medlemer busett i Radøy kommune, aktivitetsnivå og inntekter/utgifter verta lagt til grunn.

På bakgrunn av dette innstiller administrasjonen på følgjande fordeling av driftsmidlar:

Lag	Tilskot
Radøy Damekor	5 000 kr
Hordabø Skulemusikklag	32 000 kr
Manger Skulemusikklag	40 000 kr
Sæbø Skulemusikklag	34 000 kr
Radøy brass	15 000 kr
Totalt	126 000 kr

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Grunngjeving:

Radøy damekor har svært låge utgifter samanlikna med dei andre laga, og mellom anna ingen dirigentutgifter. Dei har færrest medlemer, og berre to personar under 20 år blant medlemene i laget.

Hordabø skulemusikklag har fleire medlemer enn Sæbø skulemusikklag, men færre medlemer under 20 år. Sæbø skulemusikklag har også eit høgare utgiftsnivå enn Hordabø skulemusikklag. Me foreslår difor at Sæbø skulemusikklag får noko meir i støtte enn Hordabø skulemusikklag.

Manger skulemusikklag har klart flest medlemer av skulekorpsa, høgast aktivitetsnivå og størst driftsbudsjet, og me foreslår difor at dei får meir enn dei to andre skulemusikklagene.

Radøy brass har fleire medlemer, fleire born og unge blant medlemene, høgare aktivitetsnivå og langt høgare utgiftsnivå enn Radøy damekor. Samanlikna med skulekorpsa har dei færre born og unge blant medlemmene og færre medlemer som er busette i Radøy kommune.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Driftstilskot til lag og organisasjoner

Årsmelding frå Radøy damekor 2016

Årsmelding i Radøy damekor 2016

resultset_4440_30_vedlegg1.pdf

resultset_4440_30.xml

Søknad Manger skulemusikklag

Vedlegg til søknad

resultset_4440_33.xml

Søknad Radøy brass

resultset_4440_40_vedlegg1.pdf

resultset_4440_40_vedlegg2.pdf

resultset_4440_40_vedlegg3.jpg

resultset_4440_40_vedlegg4.jpg

resultset_4440_40.xml

Søknad Hordabø skulemusikklag

resultset_4440_47_vedlegg1.xlsx

resultset_4440_47_vedlegg2.pdf

resultset_4440_47_vedlegg3.docx

resultset_4440_47.xml

Søknad Sæbø skulemusikklag

resultset_4440_48

resultset_4440_48_vedlegg1

Vedlegg:

resultset_4440_48_vedlegg2
resultset_4440_48_vedlegg3
resultset_4440_48_vedlegg4
resultset_4440_48_vedlegg5

Mottakarar:

Radøy musikkråd v/Steinar Brevik